

Invitasjon til nettverkssamling 5.-6. november til alle ungdomsråd i Hordaland

5. og 6. november vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland ved **Quality Hotell Edvard Grieg**. I den anledning har Ungdommens fylkesutval gleda av å kunne invitere **2 personer** frå dykkar Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre til å delta. Dersom kommunen din ikkje har eit ungdomsråd kan to representantar frå kommunen delta.

Målet for samlinga er samarbeid mellom ungdomsråda og Ungdommens fylkesutval, men tema vil vere **utdanning**. I tillegg vil samlinga ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Eigenandelen er 1500 kr per deltakar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Fristen for påmelding er 1. oktober, og må gjerast gjennom denne linken: <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Ungdommens-fylkesting-Nettverkssamling/>.

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til ungdommens.fylkesutval@hfk.no. For praktisk informasjon, ta kontakt med Ingeborg Borgen Takle, ingeborg.borgen.takle@hfk.no.

Ungdommens fylkesutval ønskjer dykk ein god start etter ferien og ser fram imot å sjå de på nettverkssamlinga.

Vegard Kleppe
Leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar